



Nordhordland Næringspark

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/306 - 18/10327

Saksbehandlar:

Kjartan Nyhammar

kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:

23.03.2018

Førebels svar på søknad om bakkeplanering på gbnr 215/2 Eidsnes Ytre

Det vert synt til søknad om bakkeplanering, motteke 31.01.2018

Landbrukskontoret har vurdert tiltaket og kome fram til at tiltaket i seg sjølv er for stort til å handsamast etter «bakkeplaneringsforskrifta»/ureiningslova kap 4. Det er snakk om heile 50 000 m³ med ein max høgde på fyllinga på 5,5 meter.

Vi treng ansvarleg søkjar på prosjektet og saka må behandlast etter plan- og bygningslova. Vidare må det leggst ved avtale mellom Nordhordland Næringspark og grunneigar. Bed om at det vert lagt ved ei god beskriving i korleis ein skal sikre at arealet er eigna for grasproduksjon etter at jordtippen er ferdigstilt - drenering, steinplukking, kalking osv. Er det våte massar som må få renne av seg før dei vert nytta i jordtippen ? Kva med matjorda som ligg der i dag ? Vert den grave av og lagt til sides og så lagt stein i botn ?

Vi kan eventuelt ta eit møte i saka før de sender ny søknad.

Med helsing

Kjartan Nyhammar
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakarar:

Nordhordland Næringspark